

## Stølar, ferdslveggar og fornminner m.m.

Stølar m.m. er merka av på kartet som ligg ved, plasseringa på kartet er omtrentleg. Opplysningar om stølane er henta frå seterlistene for Gulen Herad (Riksarkivet), innsamla i 1934 og Gulen Sogelag sitt arkiv (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane). Det kan vere stølar/stølstufter som ikkje er kome med her.

Nokre ferdslveggar, stigar og stølsveggar er også merka av på kartet, men det er fleire stigar og stølsveggar enn avmerka her. Vidare er teke med lokalitetane til nokre av skålgropene som er funne i området og til nokre særmerkte steinar. Utmarksløer og ruinar er og tekne med. Det er også nemn litt om gravfunn og andre kulturminner frå gardane kring Austgulfjorden. Men det er ikkje teke med mykje frå innmarka og tuna på gardane. Opplysningane dekkjer kun deler av området der ei evt. kraftlinje vil kome, og er heilt sikkert ikkje komplett. Nokre av turpostane i området er også nemnde.

1. Skålgroper på Flatefjellet, på ein stad/område kalla Krossen (554m), litt NV berg med mange kvartsavslag. "Eidet" mellom Tjørnfjellet og Flatefjellet heiter Tim(b)ra, der går ein opp på Flatefjellet. På kanten der ser ein nordover igjennom skarda og over Sognefjorden til kyrkja i Bø i Hyllestad. Området blir kalla krossen. Går ein vidare over Flatefjellet kjem ein til Austgulstølen. (Bilde av kvartsavslag.)
2. Steinvarde på Øksefjellet/Ranane (647m), fleire skålgroper ved varden. God utsikt. Litt N for varden, på Nordste Ranen er ei steinøks/retningsvarde med 2 skålgroper ved sida av. Fleire groper i berga i området. Sjå 3.(Turpost.) (Bilder.)
3. Stor steinøks, - retningsøks og grensemerke. Sagn. Denne øksa ser ut til å ha ei "innskrift" på sida mot nord. Men denne "skrifta" må ein ha rett lys for å sjå. Mellom den store øksa og steinvarden(2.) er det sett opp trekanta steinheller, det er også trekanta steinheller frå den Nordste Ranen og ned mot Transdalsvatnet. Denne merka stigen er ein del av ein gamal stølsveg/stig som m.a. går frå gardar i Masfjorden, forbi Sleire, opp Myrdalen, over Halsane og Øksefjellet, ned i Transdalen, over Eidet mellom Middagsfjellet og Flatefjellet og ned i Steinsdalen til stølane der. Til desse stølane kom det tidlegare (ca. 1900) også buskapar heilt frå Fedje. (Bilder.)
4. Transdalen - gamle stølar/hytter. Det er ruinar etter stølar fleire stader rundt Transdalsvatnet, m.a. på Sætrebøen. Ei tuft registrert i 1986. (UiB.) Stølen Transdalen er den stølen i Gulen som det er dei eldste skriftlege opplysningar om. Den er nemnd i Tingbok for Nordhordland i 1654. I dokument som blei skriva då er også nemnd vegen over Opdals bø, den var frå Arilds tid stod der. Det var 11 brukara nemnde i dokumentet, dei var frå Orknes, kongens bonde, Høyvik, prestebønder, Knarvik, kirkebonde, motparten var bøndene på Opdal og Krossvoll som var odelsbønder. (Transdalen har turpost.)
5. Gamal køyreveg over Øksefjellet, frå Transdalen og Sætrebøen til Kjelby og Opdal.(Merkegangsforretning 1865)
6. Fossehaugen - stølar/hytte, gamal stølstuft til NV. (Turpost ovanfor Fossehaugen.)
7. Bergstølberga - stølstuft, skålgroper.
8. Løberga - støl/hytte, skålgroper.
9. Alvedalstjønnna – hytte/støl, skålgroper til NØ.
10. Sætrefjellet/Skarpefjellet(596 m.) - 1 skålgrop ved turlaget sin post. God utsikt. Sætrefjellsteinen ligg litt SØ for toppen, den er nemnd i ein gamal avtale om buføring m.m., ordlyden i avtalen kan nesten likne på ordlyden i Gulatinglova. (Bilder.)
11. Selsbøen - tidlegare støl. Gamal hytte i nærleiken.
12. Austgulstølen - mange stølar og gamal turisthytte. Gropastein i stølsområdet. Registrert i 1986 (U.B.) Då det blei skriva om stølar i Gulen på 1950-talet, blei det fortalt at eit av

stølshusa der var frå 1797. Det blei også leigd ut stølshage i Vetle-Austdalen og Store-Austdalen og ein stad som blei kalla Dalen nedanfor Stølsvatnet. Det var folk frå Masfjorden, m.a. Frøyset, og frå Gryta i Eivindvik som leigde stølshage der. (Gulen sogelag sitt arkiv i Fylkesarkivet i S&Fj.) (Austgulstølen har turpost.)

13. Sanddalsstølen. Stig gjekk også ned til Austgulfjorden. Det gjekk også stig frå Kjellby over Nordal (Stegane) til Dalsøyra forbi her.

14. Norddalsstølen.

15. Flytblokk/gropastein. - Stor stein med fleire skålgroper. Steinen ligg i grensa mellom Gulen og Masfjorden. (Bilder.)

16. Gamal ferdsleveg frå Opdal/Oppdalsøyra og Kjellby til Masfjorden. Dei sa dei gjekk over Myrdalen, dei brukte også å seie at dei gjekk om Halsane/over Halsane. I utmarksområdet på Kjellby er det fleire stader restar etter gamle stolar. I tidlegare tider har folk frå andre bygder hatt stolar her, dette vitnar mange av stadnamna om. Stadnamn kan også peike mot ein mogleg øydegard her.

I 1665 kan postruta frå Bergen følgjast over Rødland og Breistein i Åsane, til sjøs til Eikanger og derifrå over Fensfjorden til Risnes i Masfjorden, så til Austgulen, opp Takledalen til Midt-Takle der den kryssa Sognefjorden. Denne postvegen gjekk gjennom Myrdalen, forbi Kjellby, til Opdal(Oppdalsøyra) og vidare til Austgulen. Nemd i brev frå presten S. Dresing i Eivindvik til Veikommisjonen i 1779. Postbøndene er m.a. nemnde i Matskatten i 1659 og seinare i Skyssferdskatten.

(Samferdsletilhøve i eldre tid. Frå tjodveg til postruter. Gamle allfarsveggar. Av Inger Kellmer i Soga om Gloppen og Breim. Særtrykk 1978)

17. Leversundet. Leversund har eit særeige bygningsmiljø med geiler og inngjerda små teigar. Her er fleire store jettegryter. Det er sagn om desse jettegrytene og gamle vikingar.

Like ved er ein østerspoll som er i drift, den er kalla Pøyla eller Kværa. Denne østerspollen var også i drift tidleg på 1900-talet. Drifta kan vere endå eldre då de i korrespondansen til presten Dahl i Eivindvik (d.1852) er nemnt østersoppdrett. (Manuskriptsamlinga U.B.) I store norske leksikon (1998) står det at i Noreg blei østerskulturen tatt opp på nytt i 1870-80 åra. I Gulen har dei starta opp før.

Leversundet er eit trangt sund med mykje straum. Dette er ein svært god fiskeplass.

I fjellet nord for Leversund og Pøyla/Kværa ligg ein heller som er kalla Ingeborghilden. "Søre Nese hadde i eldre tider sæter på ein stad kalla Nedre Mjølkeplassen. Der er ein svær hilder som kallast Ingeborghilden, og der stod sætra oppunder." Dette er opplyst i Gulen sogelag sitt arkiv. Ingeborghilden er nemnd i grenseforlik mellom Nese og Hantveit i 1806.

18. Ingeborghilden - heller, tidlegare støl.

19. Pøyla/Kværa - østerspoll.

20. Tidlegare vårstøl for Hantveit.

21. Hantveitstølen. Frå Hantveitstølen gjekk dei nord om Fossfjellet og over Helleberga då dei skulle til Hjartholm. (Turpost.)

22. Haugestølen. Ei hule kalla Allstova ligg like ved denne stølen, den er omlag 2 m. djup og 1,2 m. høg. Sagn. (Turpost.)

23. Havelandsstølen ligg på Omnfjellet. Her er eit særmerkt stølshus som er laga av berre stein. Dette selet blir kalla "Banken".

24. Vestredalen - stølen til Tveit.

25. Litlebotn - stølen til Nordgulen.
26. Bjørndalen - her var den gamle stølen til Nordgulen.
27. Indre Hjartholmstølen.
28. Ytre Hjartholmsstølen.
29. Breidalen - støl.
30. Stølar
31. Stølar
32. Elvestølen - stølen til Kjellby.
33. Halsane (Hingardshalsane, den delen som ligg lengst aust.) Rygg på tvers av dalføre. Der var mjelkeklass, og der daura dei om våren.  
Vegar og stiar gjekk over der. Der kom vegen frå Myrdalen. Stølsvegen frå Høyvik ved Eidsfjorden gjekk opp Nøre Høyvikfjellet, innover Grindfjellet og Vyrkesdalsfjella og til Kalbotnen, over Dalsfjellet og Revungane, og på skrå ned lia til Halsane, på skrå oppatt over Øksefjellet og ned til inderste enden av Transdalsvatnet. Dei frå Rambjørg kom forbi Lisabrekkene, opp Myrdalen, dei måtte krysse elva to gonger, over Halsane og i Transdalen, og vidare til Steinsdalen. (Bonsethaugane/Bonsehaugane ligg eit stykke vest for Halsane.)
34. Moldsetlia. Segna fortel at garden Molde ved Eidfjorden hadde støl/sæter der. Stølshusa skal ha blitt brent ned to gonger av dei på Kjellby fortel segna. Det skal vere murar etter desse stølshusa, og det skal vere restar etter oske. Det fortelst at det spøker der. Andre namn er Moldereina og Moldestølen. I nærleiken av Halsane og stigen til Elvestølen.
35. Øybærli. Øybærbekka, Øybærbrøte og Øybøen ligg i nærleiken. Er dette minner om ein gamal øydegard, eller namnet på ei engslette?
36. Lynghaugane.
37. Bjørnehaugen. 2 hytter, 1 ruin litt lenger SV. Det kan truleg vera endå ein ruin der som blir kalla Bjørnehaugtufta.
38. Bondesteinen. Der bøndene møttes blir det fortalt. Vegen/stigen går rett forbi her.
39. To ruinar på Bufjellet under Geitenipa. Frå den øverste ruinen ser ein Eldfjellet på Holsnøy og truleg også Nøttveitveten på Radøy. Sjå 44. Det gjekk sti opp frå både Alvedalen og Kjellby til Bufjellet og vidare forbi Sætane og Geitenipa og vidare over fjellet. (Bilde.)
40. Kjempesteget eller Kjempefaret, ”fotspor” og ”fingermerker” i berget, litt S for Geitenipa, god utsikt over Kjellby og området rundt. Sagn om kjemper som slåst. Den eine kom seg i sikkerheit bak Geitenipa, det var då merke i berget der han tok seg føre, og der kan sette foten ned. På den andre sida av dalen der den andre kjempa var, ligg der enno store steinar etter denne kjempa, dette er på Mørøftfjellet – på grensa til nabobygda. Sjå 67.
41. Ingeberhytta, gamal torvhytte. Det er også ein gamal steingard der. Dei ligg på NØsida av Bufjellet, øverst i Sylia.
42. Alvedalsøene/Daleløene. Bilde s. 54 i konsesjonssøknaden, fig. 6.4. Gamle uteløer for torv, høy og mose. Dei er nyleg restaurerte. Løene blir brukt i undervisning. To av løene hadde ein spesiell konstruksjonsdetalj i muren. I den eine lømuren er denne detaljen bevart, då denne muren var i god stand. Denne bygningsdetaljen har eg sett bilde av frå Hebridane. Like ved Alvedalsløene ligg Alvedalshaugen. Opp Alvedalen gjekk stigane til stølane Fossehaugen(Opdal), Krossvollstølen på Berstelsberga, Løberga(Opdal) og til stølane i Transdalen. Frå Transdalen kunne ein så gå vidare til stølane i Steinsdalen eller til Austgulstølen, eller endå lenger avstad. Det ligg også murar etter to uteløer litt lenger framme i dalen. Det var løypestrengar frå torvskoren på Bufjellet. Løypestrengen blei også nytta til å løype høy frå slåtteteigane på Sætane og Geitenipa ovanfor Bufjellet. (Turpost.)

43. Rabbeløa. Ruin etter Høyløe. Her blei høyet løypt ned frå slåtteteigen i Dyregrovbottn, som ligg på sørsida av Varden/Sætreffjell. Namnet kjem truleg av at det har vore ei dyregrav der, det er ikkje grover/bekkar der. Det er også ruinar etter Littlesteinløa på nedsida av vegen.
44. Varden. Her kan det ha vore ein varde/vete eller vaktplass. Ein har god utsikt til varden/veten på Stevnebøffjellet på Hisarøyna i vest. I sør ser ein gjennom Myrdalen og heilt til Eldfjellet på Holsnøy, men då må ein stå litt lenger opp mot toppen av Sætreffjellet. Sjø 39. I NØ ser ein nordsida av Sognefjorden igjennom Takledalen. Om ein kan sjå vetar på nordsida er eg usikker på. Kvar ein evt. varde har stått må ein sjå nærare etter. Det er også her fleire groper i berget. Litt ovanfor 40 har eg sett flammen frå anlegget på Kollsnes, som ligg litt vest for Eldfjellet på Holsnøy.
45. Husetufta. Gamal tuft , alder ukjent. Den ligg sør/oppfor botn av Stigevika, truleg nær der kraftlinja er planlagd. Eg har sett Stigevik skrive ein gong i Kyrkjeboka, det var truleg på 1700-talet. Namnet Stigevik kan truleg vise til den gamle stigen/vegen, som gjekk langs Austgulfjorden frå Dyregrov - Opdal - Kløvtveit til Austgulen, og som er nemnd i brevet frå presten S. Dresing til Veikommisjonen i 1779. Denne stigen kan då ha vore ein del av den gamle postvegen som er nemnd der.
46. Plasset. Gamal husmannsplass under Kløvtveit, ligg i grensa mot Opdal. Funnstad for tjukknakka rettøks.(Bilde.) Funnstaden var 5 m. S for vegen, og 15 m. Ø for merkesgarden mot Opdal. Naustmur i SEFRAK. Laberget ligg like ved.
47. Kløvtveit, der var før årgangskvern. Det er funne to steinøkser der og ein liten kamel utskoren i bein. Eivindvik prestebol eigde garden før.
48. Austgulen. Her har det vore funne 3 graver frå yngre jernalder.(Bilde.) Den lærde skole i Bergen eigde før Austgulen. Ferdslvegen (og Postvegen) over Takledalen til Sognefjorden gjekk opp her. Stig til Austgulstølen. Ein av gardane i Austgulen blei skriven Gullenn i jordebøkene i åra 1590 – 1625.
49. Hauge. På Hauge skal det ha vore ei kyrkje fortel segna, som presten Dahl i Eivindvik skreiv opp. Staden den stod kan truleg påvisast av dagens eigar. Eivindvik prestebol eigde garden før. Stig til Hagestølen, og til Hjartholm.
50. Hantveit. To gravfunn frå yngre jernalder.(Bilder.) Bispestølen i Bergen eigde garden før. Stig til Hantveitstølen og vidare over fjellet til Hjartholm.
51. Nedre Opdal. Funn frå steinalderen og gravfunn frå yngre jernalder. Her var det at Uddalsmannen som før hadde eigd alle gardane kring Austgulfjorden skal ha budd. Sjø 61. Stig til Sanddalen.
52. Øvre Øpdal. Div. funn m.a. frå steinalderen. Her skal før ha vore ein bautastein på eit av bruka. (Bilder av div. funn.)
53. Krossvoll. Her skal det før ha stått ein kross står det i F. Birkeli si bok. Vegen opp Alvedalen går opp i nærleiken her. Ruinar etter kvernhus to stader oppover mot Kjellby.
54. Gardflorar. Det var også torvløer av tre eit par stader lengst sør på innmarka før.
55. Flor, ruin, SEFRAK. Bilde s. 54, fig. 6.3, i konsesjonssøknaden. Det er også murar etter ei torvløe litt sør for bøgarden. Det skal også ha vore ei torvløe/torvhytte omtrent midt i dalen, litt sør om bøgarden. I same område, sør for bøgarden ligg Tresshaugen der hadde dei jonsokbål. Det har også vore halde misjonsstemne der.
56. To torvløer. Bilde s. 55, fig. 6.5, i konsesjonssøknaden. Det er også ein ruin lenger nord der turposten er, og ein lenger sør, før nr. 57. Det skal også ha vore stølar i dette området. Sjø 58.

57. Ruinar rett sør for Halsane. Kan vere ruinar etter støl eller torvløer? (Bilde.)
58. Ruin etter torvløer. Bilde av den eine s. 57, fig. 6.7, i konsesjonssøknaden, den andre er litt lenger SV. Like V for desse skal det vere ein mur/steingard som truleg skulle ta av for ras. Det er mykje skrestein der. Like i nærleiken heiter det Supemyra, der skal dei på Frøyset ha hatt støl ei tid, sjå 56.
59. Tufjellet 495 m.
60. Kariløa. Utmarksløe bygd av Kari Iverdotter Kjellby og mannen. Ho var fødd på Sleire. Historia om løa er nedskriven.
61. Grovskaret eller Våleitet. Segna fortel at her fall Uddalsmannen (Nedre Opdal) i kamp med dei på Frøyset, han skal ha blitt liggande att på valplassen. Her går grensa mellom Kjellby og Sleire, og mellom Gulen og Masfjorden. Sjå 51.
62. Alteret. Stadnamn. (I Vaksdal har dei også namnet Alteret, det er ein stor stein som ligg tett ved sætrevegen, her kasta stølsfolket ein liten stein oppå den store når dei var på heimveg frå stølen.)
63. Vallekraona. Bøndene på Øvre Opdal hadde skogteig der. Veden blei køyrd heim på slede over Kjellby om vinteren.
64. Sætligrova, med Sætelimyrane, Sætelia litt N, der skal ha vore gamal stølsdrift. Sætre grova og Selsetbotn/Celsibotn litt S vitnar også om gamal stølsdrift.

Segna fortel at garden Berge hadde sæter i Myrdalen mellom Kjellby og Sleire. Staden heiter Bergstølen, uviss plassering. Vidare er det i eit utmarksskifte mellom Nerdal i Gulen og Sleire i Masfjorden i 1826 ein stad som vart kalla Hallandsstølen. Før i tida hadde Halland støl der vart det fortalt. Denne staden låg under egga oppfor "Rørhammarhollen". Dette er truleg også i Myrdalen. Litle Sleire hadde også støl i Myrdalen, men deira plassering er ikkje med her.

Storesteinstølen er ein stad mellom Bjørnehaugen og Eggene, der skal det også ha vore støl. Namn som Holstølen og Garsetthammaren kan også vise til tidlegare støl.

65. Det har også vore støl ved Tverråna som renn ned frå Langevatnet. Der er der enno fine murar.

66. **Kjellby/Kjelby/Kjellbu/Kjellbuju.** Garden ligg under Bufjellet. Eit bilde frå ca. 1908 viser alle gardshusa på Kjellby. Alle desse husa står enno i dag, og er i bruk. Det eine er flytta lenger nord. To av driftsbygningane på bildet står enno, ein tredje driftsbygning som enno står er frå 1916. (Gulen i gamal og ny tid, bd. 1., s. 580 – 581.)

Tradisjonen fortel om at plasseringa av dei gamle stølsbuene, som seinare skal ha blitt teke til buplass på Kjellbu, var der kraftlinjetraseen kjem ned frå Bufjellet og litt frametter dalen. Desse stadane heiter Høgestølen og Strintebakkane. Strintebakkane ligg under Storeskora. Desse husa/buplassane har blitt flytta pga. rasfaren. Det var også ein buplass/hus lenger nord, ovanfor der det er hus i dag.

Namnet var skriva: Keluigh i NRJ II. 505, Keldbiug i NRJ III. 431 (i NG Kjebiug). Det skreivst Kieluigh i 1519, Kiølbui i 1563, Kylby i 1567, Kelbye i 1610, Kielbui i 1611, Kioldbiuffe i 1620, Kielbye i 1630, Kioldbiue i 1667, Kiedbui i 1723, Tielbyed 1760, Kielby, Kjeldby, Kjelby, Kjelbye, og Kjældby på 1800-talet.

Namnet blir forklart at det kan koma frå kjelde og bjuga som tyder bogen, krum, eller mannsnamnet Kjell samansett med bu. (Ein stad langs kraftlinjetraseen ligg ein stein som blir kalla Bogesteinen.) Også kjel(=gryte) er nemnd som ei forklaring.

Ei forklaring som ikkje er sett på er om namnet kan koma frå å kjella/tjelda = sette opp tjeld/telt. Kan namnet forklarast som kjell/tjeld kan det då visa til at her har vore ein samlingsplass av noko slag der folk sette opp telt/tjeld/kjell. Sjå nedanfor.

67 Hesthammaren, også kalla Varden – Vardefjellet i merkeforretning i 1806. Stigen/gongråsa frå Kjellby til Stegane/Litle-Nordal går forbi der. Derifrå gjekk/går det veg til ned til Dalsøyra.”Frå Stegane over Sperretåna var det før vanleg ferdsleveg til Sanddalsstølen, Transdalsstølen, Oppdalsøyra og Kjellby.” Dette står i bygdeboka bd. 2, s.140. Litt SV for Hesthammaren ligg Mørøftefjellet, sjå 40. På vegen nedover mot Dalsøyra ved Eidfjorden vil ein gå forbi Dale der er det gjort gravfunn og nede med Eidfjorden, på Kjellevold, er det også gjort gravfunn. Dei fleste av gardane rundt Eidsfjorden var tidlegare i kongen si eige.

Jørgen Opdal skriv dette om vegen mellom Oppdalsøyra og Byrkjeland (Birkeland) i Masfjorden: ” No er der tvo vegar, som vanlegast brukast, om der endå er råd å gå fleire. – den eine, - ”Å gå Dalane” – og den andre – ”Å gå Rusta” – Den fyrste er frå Opdal, upp Alvedalen (Elvedalen) yver Transdalskaret, ned Transdalen og so heim Byrkjeldsdalen. Den andre er frå Opdal um Kjellbu, yver Halsane, inn markerne, yver Rusta (Byrkjeldsrusta) og ned Tverråbotnen. Den siste er halden for å vera den snøggaste, medan den andre er den sikraste, - då især for ukjende folk og i ruskete ver. Det er ellers liten skildnad, på tidi ein treng, kven av desse vegane ein vil velja. – Den aller snøggaste vegen er; Frå Opdal, og so anten om Alvedalen eller Kjellbu, upp Geitenipa, yver Ranane, Tverrfjellet og norste enden av Rusta, og ned Tverråbotnen. – Denne vegen er ellers sjeldnare brukt og ukjende folk, gjer best i, ikkje å bruke den, iallfall om veret ikkje er fint, og på vinters tid.” Tjorabben er ein stad på vegen/stigen frå Kjellby til Byrkjeland.

Jørgen Opdal har også skriva ned segna om Øksa, der er vegen over Øksefjellet, til Transdalen, Steinsdalen og Yndesdalen nemnd.

Det er ikkje med utfyllande opplysningar frå dei andre gardane i Opdalsbygda og rundt Austgulfjorden.

### **Så nokre tankar på videvanke.**

Namn på Kjel-/Kjell-/Tjeld-/ kan i mange høve ha si rot i det g.n. tjald- telt eller tjalda – å sette opp telt. Mange av desse namna kan knytast til stader det har vore fiske, fiskevær og der det har vore handel, handelsvegar eller drifteruter, for eksempel Nordmannslepene (Kjeldebu). Det er Tjeldstø i Hordaland, Kjeldstad i Gaular som ligg ved ei gamal drifterute, Tjeldbergodden i M&R ligg ved ei gamal farlei, lenger nord i landet har vi Kjelling i Gildeskål, Tjeldebotn i Ballangen, Tjeldsundet og Tjeldøya, eit område med mange stadnamn på Kjell-/Tjeld og svært rikt på fornminner. I Troms har vi Kjellmoen i Målselv, og i Finnmark har vi m.a Kjelvik, tidligere fiskevær, sogn i det tidligere Kjelvik prestegjeld, der det før var tingstad. Dette er berre eit tilfeldig utvalg av namn som kan ha si rot i tjeld/kjell – telt/ telte.

Om namnet Tjølling/Tjodalving i Vestfold kan samanliknast her blir nok vanskeleg. ”Navnet kommer av norrønt Tjodalving, av tjod ”folk”, kanskje fordi det har vært holdt ting her, og lyng, ”lyngmark”. ( Aschehoug og Gyldendal Store Norske Leksikon, 1997, Bd.14, s.440.) Rundt Kjellby er namn som Tjorabben, Tjorabbfjellet, Bondesteinen og Lynghaugane, andre namn på Lyng- er Lyngskolten, Lyngheia, Lyngskorane, Lyng(g)rindegrova,

Lyng(g)rindane), kanskje kan dette ha vore stader folk samlast. Stadnamn på lyng viser nok i dei fleste tilfelle til vanleg utmarksdrift, men ein skal ha namnet i tankane for evt. samlingstader.

Tjodalyng/Tjølling ligg i Vestfold, ikkje langt unna ligg Hedrum og Bommestad med gamle tingstader. Bommestad eller Bondetingstadir var ein stad kor bøndene held ting. ”Gaarden lå bekvemt til som tingsted”, står det i Hedrum Bygdebok frå 1913. Den gongen viste dei ikkje kor tingstaden låg, no er dei no meir sikre etter utgravingane i samband med E18 prosjektet. - ”Kokegropfeltet og tingstedet på Bommestad – eller Bondetingstadir som navnet tidligere var – har antagelig vært et samlingspunkt der lover ble diskutert, ekteskap inngått, raid mot nabobygda eller mer fjerntliggende områder ble planlagt og guder og æser ble blidgjort.” (Lars Erik Gjerpe. Arkeologiske utgravinger – E18 – prosjektet.)

Om Hedrum prestegard står det om stadnamnet: ”Det lydde paa gammelnorsk Heidarheimr, sammensætning av heimr, bodsted, med eieformen av heid, hei som jo egentlig betyr en jevn, skogløs, ubebodd strækning (hei i fjeldet, lynghei på flatland.)” I 1367 er nemnt i Diplom ” i Sætstofuonne a Bakkanom i Hæidæreims sokn, i 1440 i stevnestue a Bakkanom a rettom stemfnabø. Denne garden må ha lagt ved Hedrum kyrkje.

I tillegg til stølsdrifta og utmarksdrifta, må vi også sjå etter om det kan ha vore spor etter jernvinna, handel(?) eller andre aktivitetar der mykje folk samlast. På Rambjørg i Masfjorden er det funne jernbarrar. Om folka på Sleire seies det at dei stammar frå skottar. Er dette rett kan det ha innvirkning på kva stadnamna kan tyde i området. Sleire har hatt mykje skog, så det har nok vore ein del handel med tømmer.

Rundt på fjella kring **Kjellby** er der fleire gamle steinvardar, retningsvardar/økser og nokre vardenamn, der er også namn som *Borgja*, *Skansen* og *Tjorabben*. Nede i *Opdalsbygda* er *Vardehaugen*, rett aust opp for den på fjellet er *Varden*, lenger aust i *Austgulfjorden* er *Vardefjellet*, der er også *Borgja*. Opp for *Alvedalen* er *Slottet*, *Slottet* er også ein stad mellom Hauge og Hjartholm, der er også *Skansen*. Dette er namn som enkelte stader blir brukt om bygdeborger.

Absalon Taranger skreiv om då Noreg var misjonsmark, der refererer han frå kva Adam av Bremen skreiv om Sverige:” Slike gode trekk finner man i deres seder. Men ved sannhetens forkynnere, som er kyske og vise og dyktige, henger de med en uhyre kjærlighet, endog i den grad, at de ikke nekter bispene å delta i folkenes alting, som de selv kaller *varh*. (Angelsaksisk *hwarf*, frisisk *warf* svarer til nordisk *thing*.)” (Daa Noreg var misjonsmark. Bibliotheca Norvegiæ Sacra. IV, s. 26.)

Eg vil også nemne ein del stadnamn i Masfjorden: **Frøyset, Torsvik, Baldersvågen, Norland og Totland**. Dette er gamle kultnamn.

I Helene Engelstads: Refil – Bunad – Tjeld. Gyldendal 1952, s. 14,17 og 18 kan ein lese:”*I Island var det alminnelig at folk når de kom til tings først av alt ”tjeldet sine boder”. Man reiste et tak av tjeld eller vadmæl over de relativt lave murer av jord og stein, som var ført opp ved tingstedene. Bodene ble bare nyttet på den tid av året da det ble holdt ting.*”

I Sverige er det minst to stader med namnet Källby. Källby i Lund(Skåne) ligg ved den gamle vegen som gjekk til Uppåkra. ”I skrifterna nämns Kielby första gången 8/12-1314 då kung

Erik Menved forbygger inbyggarna i Skåne att använda vägen till Malmö som löper från Lund, genom Källby vång och över Källby vad.”

[http://bevaringsprogram.lund.se/wiki/bevaringsprogram/index.php/K%C3%A4llby\\_-\\_en\\_utpl%C3%A5nad\\_by](http://bevaringsprogram.lund.se/wiki/bevaringsprogram/index.php/K%C3%A4llby_-_en_utpl%C3%A5nad_by)

”Ett par områden domineras dock av fornlämningar från äldre järnålder. Det är tätt mellan fornlämningarna vid vadställena vid Höje å, det vil säga mellan vadet i Värpinge og vadet vid Källby. Även området mellan Uppåkra och nämnda vadställen, samt området närmast väst om Uppåkra visar på flera fornlämningar från äldre järnålder.” ( Maria Åkesson: Vägar at finna vägar. Metoder att finna historiska och förhistoriska vägar i Uppåkra lokalområde. Lunds Universitet 2012, s. 24 og 39.)

Källby i Västergötland ligg ved Väneren i Götene kommun, der ligg også Husaby med kyrkja der Olaf Skötkonung blei døypt. Ikkje langt unna ligg Götala med Alla götars ting og Skara. Götala var også ein vadestad. <http://wadbring.com/historia/sidor/skara.htm>.

Det er mange fornfunn frå både Källby i Skåne og Källby i Västergötland.

**Kjellby** har store vidder, så her hadde det vore plass til mykje folk.

**Gamle tingstader på Færøyane.** På Færøyane finst det i fire av distrikta opplysningar om *eldgamle tingstader som ikkje låg i nærleiken av busetnad, men nær viktige ferdselsårer mellom bygdene.* Tinget på Suduroy blei halde i bygda Ørdavik midt på øya, medan *den eldgamle tingstaden låg i fjella* over bygda. Det blir sagt at deltakarane ved tinget sette opp telta sine litt sør for bygda, ved **Tjaldavik**. På Norduroyar var tinget i bygda Í Vági, som seinare blei til byen Klaksvik. ***Den eldgamle tingstaden i fjella nord for Klasvik ligg så midt i tingdistriktet som mogeleg.*** Her står ein stor kampestein ved namn Tingsteinur.

***Tingsteinurin á Køtlum.*** [www.thingsites.com/thing-site-profiles/tinganes-faroe](http://www.thingsites.com/thing-site-profiles/tinganes-faroe) og Youtube-filmen Fólkafundur uppí á Køtlum. [www.Youbube.com/Watch?v=0xNtguyjQEg](http://www.Youbube.com/Watch?v=0xNtguyjQEg)

**Upstalsboom/Opstalboom – tingstad/tinghaug i Frisland.**

Opstallisbeam (gammel frisisk), Upstelesbame ca. 1300.

Namnetyding:”Der Deutung des Names ist unsicher. Unklar ist auch, seit wann das Gelände den Namen trägt. Später Deutungen setzen vor allem mit dem zweiten Wortteil “Boom”, also Baum an. Dabei muss es sich jedoch nicht zwangsläufig um ein Gewächs handeln. Boom steht in diesem Zusammenhang wohl eher für einen bearbeiteten Baum, also einen Grenzbaum, eine Sperre oder eine Pfahl, der auf dem Hügel vielleicht zum Anbinden des Viehs stand. Das Wort ”Upstall” ist flämisch-brabantischen Ursprungs und wird also eigezäuntes Flurstück übersetzt, das die Dorfgemeinschaft als gemeinsamen Weidegebiet, die so genannte Allmende nutzte.”

Tinget i Opstalboom møttest tirsdagen etter pinse. Det skal vere graver i haugar i nærleiken.

<http://de.wikipedia.org/wiki/Upstalsboom>



Frisland var utsett for vikingraid i perioden 800 – 1014 CE. Danske (og norske) føydale herrar styrde i Frisland i perioden 840 – 885 CE. ”In 885 the last Scandinavian ruler of Friesland, Godfried the Norwegian, was murdered and the ruling Danes were evicted from Friesland by the Frisians.” [www.fryskside.nl/maineframe\\_bestanden/fryslanden/fryslan\\_best/fri\\_main8.htm](http://www.fryskside.nl/maineframe_bestanden/fryslanden/fryslan_best/fri_main8.htm)

Ein finn litt opplysning om Opstalboom i KLNLM. Land(skaps)seglet som blei brukt på 1200-talet av forbundsstaten De 7 frie fris. Zeeland's landdag, blei brukt av deputerforsamlinga på haugen Opstalboom nær Aurich. Dette seglet hadde ein viss likheit med Frostatingseglet, Orknøysseglet og Jemtlandseglet. Opstalboom var ein haug med flat topp (jfr. gno. og nyno. dialekt stall(r) med samme betydning el. = alter). (Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder, 2.opl.(1981), bd. 10, sp. 187.)

**Det er eit stort spenn frå frå den enklaste febu til den finaste tingbu. Stadnamna er ikkje alltid lett å tolke rett. Men kva vil ein finne? Gravfunna og dei andre funna frå gardane ved Austgulfjorden kan kanskje fortelje litt.**

Kjelder:

Seterlistene for Gulen Herad (Riksarkivet), innsamla i 1934 og Gulen Sogelag sitt arkiv (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane).

Fridtjov Birkeli: Norske steinkors i tidlig middelalder. (1973)

Ivar Kleiva: Segner og soger og anna frå Gulen. Norsk Folkeminnelag, deponert i Norsk Folkeminnesamling, UiO.

Ivar Kleiva: Gulen i gamal og ny tid, bd. 1 og 2.

Kenneth Ø. Monsen: Fotturar i Masfjordfjella.

Lars Norland: Masfjordboki, bd. II (1951)

Jørgen Opdal: Segn og saga frå Opdalsbygdi. (Manuskript.) Trykt i Sogns Avis 9. og 12.april 1935. Jørgen Opdal var fødd på Øvre Opdal i 1885, far hans kom frå Kjellby.

Finn Sæterdal: Sædalen. I Vaksdal Historielag, årbok 2002.

Olav H. Østgulen: Gulating på Floligard. I Frå Fjon til Fusa, årbok 1964.

Stadnamn på Oppdalsøyra og nokre av gardane kring Austgulfjorden. Stadnamn frå området samla i hefte av Anne G. Waage (2007). Her var brukt stadnamnlister frå Fylkesarkivet i S&Fj., stadnamnlister oppskrivne av Jørgen Opdal i 1927 og informasjon om stadnamna opplyst av dei som budde på gardane då m.m.

Muntleg kjelde om stølar og utmarksløer på Kjellby:

Jakob Kjellby.



Bufjellet sett frå kanten av Øksefjellet nær Kjempesteget(40.) og Geitenipa t.h., Kjellby t.v., Alvedalen t.h., T.h. for Alvedalen er Varden og Sætrfjellet. Austgulfjorden i bakgrunnen. I kanten av Sætrfjellet ligg Slåttet, oppfor Alvedalen, (vises ikkje på bildet).



Den øverste av ruinane på Bufjellet (39.). Geitenipa i bakgrunnen.



Kjellby (66.) sett fra kanten av Øksefjellet, nær Geitenipa og Kjempesteget. Bufjellet t.h. (40.)



Utsikt over utmarka på Kjellby, Bjørnehaugen(37.) med hytter, Halsane(33.) og Myrdalen t.v. sett frå kanten av Øksefjellet. Lenger sør på denne fjellkanten ligg Skansen.



Flytblokk med groper, - skålgroper? Flytblokka ligg i/nær grensa mellom Gulen og Masfjorden. (15.) Byrkjelandsdalen t.v. for fjellryggen og Litleaustabotn t.h.



Tre av gropene i flytblokka. (15.) Skålgroper?



Flytblokk med fleire skålgroper(?) Steinen ligg i grensa mellom Gulen og Masfjorden. (15.)



Kvartsavslag. Krossen, Flatefjellet. (1.)



Bondesteinen på Myrdalen. ”Der bøndene møttest.” Her kan ein enno sjå restar etter den gamle vegen. (38.)



Ruinar sør for hammerslaget på Halsane. (57.) Lynghaugane t.v. for myra, og så Norefjellet.



Øksefjellet med Varden og små rettingsvardar. (2.) Her gjekk/går gamle stigar.



Berg med groper (skålgrøper?) ved steinvarden på Øksefjellet/Ranane. (2.)



Den små "øksa" på Nordste Ranen med to skålgroper i framgrunnen. Nord for (2.) Like ved stølsvegen ned til Transdalen.



Skålgrop ved stølsvegen til Transdalen.





Øksa på Øksefjellet/Ranane. (3.) Det er spor av ”skrift” på den. Det må vere rett lys for å sjå ”skrifta”. Øksa peikar mot Geitenipa, den kortaste vegen ned til Kjellby eller Opdal. Denne vegen er bratt ned Geitenipa, og passar best i godt ver om ein ikkje er kjent i området.



Sætrefjellet/Skarpefjellet(10) ovanfor Varden(44), med utsikt til Hisarøyna og Stevnebøveten.



Utsikt frå Sætrefjellet(10.) mot Hantveit og fjella der vindmøllene er planlagt, og der kraftlinja vil krysse fjorden. Brosviksåta t.v. i bakgrunnen.

